

Deres ref.:

Vår ref.: Ard17029

Bergen: 28.08.2018

**VARSEL OM MINDRE ENDRING ELLER REGULERINGSENDRING AV DEL AV PLANID 20060038
ANGELTVEIT VEST GNR. 23 BNR. 4, 6 M.FL., FJELL KOMMUNE**

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-14, varslar vi om at vi vil sende inn søknad om mindre endring eller reguleringsendring for del av planid 20060038, Angeltveit vest gnr. 23 bnr. 4, 6 m.fl.

Føremålet med endringa er å få utført justeringar i plankart og føresegner for felt T01 og T02 med tilhøyrande områder slik at ein vil få ein busetnad som blir mindre dominerande, fører til mindre terrenginngrep og passar betre inn i området. Endringa legg opp til mindre husvære enn godkjent plan, hus i rekke istadenfor blokkar, som vil gje ein vesentleg lågare busetnad. Endring vil vidare opne for 34 bueining medan gjeldande plan opnar for 30 bueiningar. Storleiken på føremåla i endringsforslaget og gjeldande plan vil i hovudsak vere lik, det er stort sett berre blitt flytta om på arealføremåla. Sidan området for endringa ikkje er bygd ut endå vil ikkje endringane det leggjast opp til ha særskild påverknad for nokon.

Reguleringsplan og mindre endring av reguleringsplan

Ein reguleringsplan består av arealplankart med tilhøyrande føresegner og planskildring som angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Ein reguleringsplan fastset framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak. Mindre endring av reguleringsplan fylgjer i utgangspunktet dei same reglane som ved utarbeiding av detaljregulering, men det er opna for ein enklare prosess. Mindre endringar er endringar som i liten grad vil påverke gjennomføring av planen for øvrig, ikkje gå utover hovudrammene i planen, og heller ikkje råkar omsynet til viktige natur- og friluftsområder. Ved mindre endringar skal saken leggjast fram for aktuelle myndigheiter. Vidare skal eigar/festar av direkte råka eigedomar gjevast høve til å uttale seg.

Tiltakshavar og konsulent

På vegne av tiltakshavar, Eide Gruppen AS, vil Ard arealplan as i samarbeid med Arkitekt Rolv Eide as med dette varsle om mindre endring, evt. reguleringsendring av deler av planid 20060038, Angeltveit vest gnr. 23 bnr. 4, 6 m.fl. Gjennomgang av merknader etter høyring vil avgjere om det vert ei mindre endring eller reguleringsendring.

Merknader til oppstartsmeldinga:

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den kommande prosessen. Meir info kan sjåast på nettsida til www.ardarealplan.no. Innspel eller merknader kan sendast skriftleg til:

Ard arealplan as
Nygårdsgaten 114
5008 Bergen
e-post: post@ardarealplan.no

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknadar til Fjell kommune. Alle mottekne dokument, merknadar og liknande vert sendt kommunen saman med planframlegget.

Merknadsfrist:

Frist for merknader er sett til **18.september 2018**.

Vidare saksgong:

Dersom planen kan gjennomførast som ei mindre endring vert forslaget til mindre endring sendt til Fjell kommune for sakshandsaming etter at merknadsfristen er gått ut. Det er ikkje krav til utlegging av forslag til offentleg ettersyn, eller kunngjering av endeleg vedtak. Underretning om vedtak vert sendt til råka myndigheiter som har hatt merknader, og eigarane og festarane av eigedomar som direkte råkast av vedtaket.

Dersom planen må takast som ein reguleringsendring vil forslag til reguleringsplan verte sendt Fjell kommune for sakshandsaming etter at merknadsfristen er gått ut. Etter fyrste gongs handsaming vert planen lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Det vil då verte mogleg å kome med merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Med beste helsing

Hedvig G. Olsen

Hedvig Godvik Olsen
Landskapsarkitekt/planleggar
Ard arealplan as

Tlf: 55 31 95 00/46 41 98 15

Vedlegg:

- Varslingsliste
- Søknad om mindre endring
- Gjeldande plankart
- Plankart for den mindre endringa
- Gjeldande føresegner
- Nye føresegner
- Føresegner der endringane er markerte

Varslingsliste:

Naboar:

gnr	bnr	Adresse	Postnr	Stad
23	354	Vestre Angeltveit 52	5363	ÅGOTNES
23	364	Vestre Angeltveit 50	5363	ÅGOTNES
23	353	Vestre Angeltveit 48	5363	ÅGOTNES
23	272	Slettebrekko 30	5363	ÅGOTNES
23	271	Slettebrekko 28	5363	ÅGOTNES
23	270	Slettebrekko 26	5363	ÅGOTNES
23	269	Slettebrekko 24	5363	ÅGOTNES
23	373	Vestre Angeltveit 28	5363	ÅGOTNES
23	373	Vestre Angeltveit 26	5363	ÅGOTNES
23	373	Vestre Angeltveit 24	5363	ÅGOTNES
23	373	Vestre Angeltveit 22	5363	ÅGOTNES
23	373	Vestre Angeltveit 20	5363	ÅGOTNES
23	374	Vestre Angeltveit 30	5363	ÅGOTNES
23	374	Vestre Angeltveit 32	5363	ÅGOTNES
23	374	Vestre Angeltveit 34	5363	ÅGOTNES
23	374	Vestre Angeltveit 36	5363	ÅGOTNES
23	374	Vestre Angeltveit 38	5363	ÅGOTNES
23	390	Angeltveitmyrane 3	5363	ÅGOTNES
23	391	Angeltveitmyrane 5	5363	ÅGOTNES
23	392	Angeltveitmyrane 7	5363	ÅGOTNES
23	370	Vestre Angeltveit 16	5363	ÅGOTNES
23	369	Vestre Angeltveit 14	5363	ÅGOTNES
23	367	Vestre Angeltveit 18	5363	ÅGOTNES
23	368	Vestre Angeltveit 12	5363	ÅGOTNES
23	389	Angeltveitmyrane 1	5363	ÅGOTNES
23	4	Eigedomen har ikkje vegadresse		
23	3	Eigedomen har ikkje vegadresse		
23	318	Eigedomen har ikkje vegadresse		
23	381	Eigedomen har ikkje vegadresse		
23	382	Eigedomen har ikkje vegadresse		
23	256	Eigedomen har ikkje vegadresse		